



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Eldrerådet
Møtestad	Søreide
Dato	09.04.2018
Tid	Kl. 12:00 - 14:00

Følgjande medleamar møtte

Olav Moritsgård
Maria Lundestad
Hans Myklebust
Egil Holme
Arnfinn Jørgen Brekke

Frå

KRF

Forfall/møtte ikkje

Olav Felde
Arnar Hans Kvernevik

Frå

AP

Følgjande varamedlem møtte

Åse Karine Moldestad
Audun Mundal

Frå

KRF

Andre som møtte:

Anita E. Lothe, helse- og omsorgssjef i sak 7/18 og 11/18

Møteleiar: Olav Moritsgård

Underskrift:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
007/18	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
008/18	Referat og orienteringssaker
009/18	Revisjon av regelverket prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren
010/18	Gevinstrealisering - velferdsteknologi
011/18	Helse og omsorgsplan for Gloppen kommune 2018 - 2030 - sluttbehandling



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/18	Eldrerådet	09.04.2018

Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Vedlegg i saka:

30.01.2018 Protokoll - Eldrerådet - 29.01.2018

Utvalsløiar si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 29.01.18
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 09.04.18

Møteprotokollen frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber rådsløiar om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Eldrerådet 09.04.2018

Behandling

ELD- 007/18 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte.
2. Eldrerådet godkjenner innkalling og sakliste til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
008/18	Eldrerådet	09.04.2018

Referat og orienteringssaker

Eldrerådet tek sakene til orientering.

Referatsaker

Tittel

Nedprioritering av eldreomsorga i kommunane i Sogn og Fjordane

Avsendar/mottakar

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Orienteringssaker:

1. Arealdelen til Kommuneplanen til revidering - Orientering om planprosess og planlagde verkstader og ope plankontor i april.
2. Planprogrammet for "Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2019-2022" skal handsamast i MULTEK-utvalet torsdag 12.04.18. Det kom ikkje inn endringsforslag i høyringsperioden. Ope møte, som eldrerådet vil bli invitert til, er tidfesta til 22.05.18.

Ordet fritt...

Eldrerådet 09.04.2018

Behandling

Sekretær for rådet, rådgjevar Beate Kornberg, orienterte om sakene.

Ordet fritt!

1. **Opptrykte bussruter:** Olav Felde hadde på forhand meldt inn eit ønskje om at eldrerådet skal sende inn ei oppfordring om å få tilbake opptrykte bussruter i tillegg til dei nettbaserte.
2. **Fornyng av førarkort for eldre:** Olav Moritsgård tok opp at dei nye rutiner for fornyng av førarkort opplevast tungvindt og dyrt, og ulik praksis for kor mange år ein får forlenga det.
3. **Innsending av krav om refusjon av pasientreiser:** Dagens ordning for innsending av krav er omstendige og ressurskrevjande, og fører i mange tilfeller til at ein vel å ikkje søkje refusjon. Det må vere mogleg å forenkla, for dei som fyller ut papirversjon.

ELD- 008/18 Vedtak

Eldrerådet tek orienteringssakene til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet ber administrasjonen om å utarbeidet eit skriv til fylkeseldrerådet og pensjonistlaget i Sogn og Fjordane, og legge fram på neste møtet, der utfordringane under ordet fritt vert formidla.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
009/18	Eldrerådet	09.04.2018
009/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	09.04.2018
014/18	Helse- og omsorgsutvalet	11.04.2018

Revisjon av regelverket prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren

Vedlegg i saka:

19.03.2018 Prinsipp og kriterium for tildeling av tenester - mars 2018

Kort samandrag av saka

Lag eit samandrag viss saka er på tre sider eller meir.

Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalt i Gloppen kommune godkjenner prinsipp og kriterier for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune slik det går fram av vedlagde dokument. Helse- og omsorgsutvalet er innforstått med at avgjerdsretten til vedtaksnemnda formelt sett er lagt til rådmannen.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Gloppen gjorde 14.12.2015 vedtak om å godkjenne prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune. Denne saka gjeld no ein revisjon av regelverket. Dette med bakgrunn i endra lovverk, erfaring med bruk av regelverket og organisasjonsendringar i sektoren. Saksgang, system og arbeidsfordeling i sektoren er uendra.

Fakta i saka

Gode og forutsigbare retningslinjer, prinsipp og kriterier er viktig for mest mogleg likebehandling i saksgangen kring tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren. Grunnleggande for tenestetildeling er sjølvstøtt individuelle vurderingar og gjeldande lovverk i kvar enkelt sak, men gode retningslinjer er viktig for å sikre likebehandling og tildeling i tråd med gjeldande lovverk på området. Dokumentet som inneheld prinsipp og kriterier for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune er eit verktøy for tenestene, sakshandsamarar og vedtaksnemnd i handsaming og vurdering av melde behov og søknader, samt til å gjere vedtak eller avslag på søknader om tenester. Dokumentet inneheld også oversikt over einingane og tenestene vi ytt i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune, samt inndeling i ulike omsorgsnivå slik vi tenkjer om dette i Gloppen kommune. Her finn ein også beskriving av saksgangen i forhold til klager på ulike forhold knytt til saksgang og tildeling/ avslag i forhold til omsøkte tenester.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen som direkte følgjer av denne saka.

Rådmannen si vurdering

Dette er eit nyttig reiskap då sakshandsaming og tildeling av tenester er vorte eit meir spesialisert fagfelt. Det har vore opplevd som nyttig og forutsigbart med denne typen oversikt og retningslinjer. Dokumentet som inneheld prinsipp og kriterier for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune er eit offentleg dokument som kan vere med å skape forutsigbarhet også for innbyggjarane i kommunen.

Etter kommunelova kan folkevalde organ ikkje delegere oppgåver og avgjerdsrett til andre i administrasjonen enn rådmannen. I dokumentet om prinsipp og kriterier for tildeling av tenester er oppgåver og avgjerdsrett til «vedtaksnemnda» omtala. Dette er eit administrativt organ. Når no revidert regelverk skal godkjennast, har rådmannen vurdert at dette kan gjerast av helse- og omsorgsutvalet. Innhaldet er ikkje endra i særleg stor grad. Dersom helse- og omsorgsutvalet godkjenner prinsippa og kriteria, ligg det til grunn at det er rådmannen som er ansvarleg overfor dei folkevalde, ikkje vedtaksnemnda.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 09.04.2018

Behandling

RAD- 009/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne etterlysar informasjon om kva budsjettkutta i helse- og omsorgsteneste har å seie for kvaliteten på lovpålagte teneste. Rådet ber om at det blir lagt fram ei sak om dette før neste års budsjett skal handsamast.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 09.04.2018

Behandling

Helse- og omsorgsjef Anita Lothe orienterte om saka.

ELD- 009/18 Vedtak

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
010/18	Eldrerådet	09.04.2018
010/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	09.04.2018
012/18	Helse- og omsorgsutvalet	11.04.2018

Gevinstrealisering - velferdsteknologi

Vedlegg i saka:

19.03.2018 Gevinstrealisering - velferdsteknologi - Gloppen kommune

Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som ein del av arbeidet med å ta i bruk velferdsteknologi, er det no laga ein gevinstreiseringsplan for utvald velferdsteknologi i Gloppen kommune. Det er synleggjort endringar og gevinstar knytt til å ta i bruk elektroniske dørlåsar og digitalt tilsyn. Digitalt tilsyn er sensorar som varslar personalet eller pårørande når pasienten til dømes forlet bustaden på natt, er vekke frå senga over ein tidsbestemt periode eller når dei ikkje tek medisin til rett tid. Systemet vert stilt inn individuelt ut frå behov hjå pasienten og etter kartlegging av åtferdsmønster. Teknologi som kan nyttast er ulike bevegelsessensorar, dørsensor, sengematte, stolmatte og elektronisk medisineringsdosett. Utstyret er tilkoplta digital tryggleiksalarm med varsling via alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

Gevinstane er knytt til auka kvalitet, spart tid og unngåtte kostnader.

Gevinstar

Auka kvalitet: Digitalt tilsyn gjev auka tryggleik for pasientar, pårørande og tilsette ved at det vert varsla når pasienten til dømes forlèt bustaden i definert tidsrom, røyser seg frå stolen eller er vekke frå senga over ein tidsbetemt periode. Tal faste tryggingstilsyn kan reduserast og pasienten får hjelp når vedkomande treng det. Dei tilsette i heimetenesta får frigjort tid til andre viktige oppgåver. Unngåtte faste tilsyn på natt kan føre til at pasienten ikkje vert forstyrra på natt, søv betre og dermed får betre funksjon.

Elektronisk medisineringsdosett bidreg til at pasienten vert meir sjølvstendig, uavhengig og ein sikrar rett medisin til rett tid.

Unngått kostnad: Bruk av digitalt tilsyn kan føre til at veksten i utgifter i helse og omsorg kan bremsast ved at ressursane vert brukt meir effektivt. Pasientane får tilsyn og hjelp når dei treng det og ikkje rutinemessig. Faste tilsynsbesøk på natt kan takast vekk og vi kan unngå oppbemanning. Vi kan også spare kostnader knytt til bruk av bil. I planen som ligg ved i denne saka er gevinstane kostnadsvurdert. Gevinstane som er synleggjort er eit potensiale, ikkje faktiske økonomiske

gevinstar.

Spart tid: Tilsette kan spare tid ved at dei ikkje køyrer lange strekningar for å rutinemessig sjå til pasientane. Med elektronisk medisineringsdosett sparar tilsette tid når tal besøk til pasientane vert redusert. Med elektronisk dørlås kan dei tilsette spare tid ved å sleppe å køyre etter nøklar og kan rykke raskare ut på alarmar frå tryggleiksalarmar eller sensorar.

Bruk av velferdsteknologiske løysingar må føre til endra arbeidsmåte i tenestene og endring i tildeling av tenester dersom ein skal kunne hente ut gevinstar. Å endre arbeidsmåte og ta i bruk andre løysingar enn tradisjonell personleg hjelp er nødvendig med tanke på morgondagens utfordringar med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder.

Vi har sett på gevinstar i form av auka kvalitet på tenesta, unngått kostnad og spart tid. Kvaliteten på tenesta aukar når pasientane får hjelpa dei treng når dei treng den og ikkje til fastsette tider. Dei kan verte meir sjølvstendige og få auka livskvalitet. Ved bruk av elektronisk medisineringsdosett kan ein sikre rett medisinering som fører til betre helse. Ved bruk av varslingsutstyr om natta kan nattesøvnen verte betre, ein kan hindre fall eller hindre at pasienten vert liggande på golvet lenge etter eit fall. Tilsette får frigjort tid som kan nyttast til andre oppgåver og ein kan på sikt hindre oppbemanning, spesielt på natt. Bruk av elektroniske dørlåsar sikrar rask tilgang til bustaden for heimetenesta og dei sparar tid ved å sleppe å hente nøklar når alarmar vert utløyst og pasienten treng besøk. Dei økonomiske gevinstane vil auke dersom vi tek i bruk teknologi i eit større volum.

For å sikre gevinst ved innføring av velferdsteknologi er det viktig med forankring hjå leiing, involvering av ulike delar av tenesta, samarbeid på tvers av sektorar og vilje til å investere og satse.

Dei forventa gevinstane ved å ta i bruk velferdsteknologi trur vi på sikt å vere høgre enn forventa kostnader då bemanning i helse- og omsorgstenesta er ein av dei største utgiftspostane for kommunen. Veksten i tenesta vil truleg verte betydeleg dei neste åra. Det er difor viktig med målretta tiltak for å avgrense denne veksten. Velferdsteknologi er eit viktig tiltak i denne samanheng. For å sikre gevinst ved innføring av velferdsteknologi er det viktig med forankring hjå leiinga, brei involvering av tilsette med ulike funksjonar, samarbeid på tvers av sektorar og vilje til å satse.

Gevinstane som er synleggjort er eit potensial, ikkje faktiske gevinstar. Det krev systematisk arbeid for å realisere gevinstane.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 09.04.2018

Behandling

Anita Eide Lothe orienterte om arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen og svarte på spørsmål.

RAD- 010/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til vitande.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 09.04.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe orienterte om saka.

ELD- 010/18 Vedtak

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/18	Eldrerådet	09.04.2018
011/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	09.04.2018
021/18	Oppvekstutvalet	11.04.2018
016/18	Helse- og omsorgsutvalet	11.04.2018
	Kommunestyret	
041/18	Formannskapet	18.04.2018

Helse og omsorgsplan for Gloppen kommune 2018 - 2030 - sluttbehandling

Vedlegg i saka:

03.04.2018 Helse- og omsorgsplan 2018 - 2030 - til endeleg godkjenning april 2018
13.03.2018 Høyringsuttale helse- og sosialplan

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner vedlagt framlegg til « Helse- og omsorgsplan for Gloppen kommune 2018 - 2030».

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I «Planstrategi for Gloppen 2016 – 2020» vart det vedteke at det i løpet av 2017 skal utarbeidast ein ny helse- og omsorgsplan. Arbeidet med planen starta opp våren 2017 og vart gjennomført i tråd med vedteke planprogram, mellom anna med fleire brukarrepresentantar i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har delteke i heile prosessen, både når det gjeld innhald, avgrensingar og struktur i planen. Helse- og omsorgsutvalet behandla rådmannen sitt høyringsutkast i sitt møte 31. januar, og vedtok å legge planen ut på høyring.

Fakta i saka

Helse- og omsorgsutvalet sitt høyringsutkast til ny «Helse- og omsorgsplan for Gloppen kommune 2018 – 2030» har no lege ute på høyring frå 2. februar til 16. mars. I samarbeid med frivilligsentralen gjekk varsel om høyring ut til ei rekkje frivillege lag og organisasjonar, i tillegg til at det vart kunngjort i avisa og på kommunen si nettside. Det har kun kome inn eit innspel til planen, dette frå Sandane Lions Club (sjå vedlagt høyringsuttale). Dei kom ikkje med endringsforslag. Dei støtta opp om planen, særleg strategien om auka samarbeid med frivillege, og er positive til å stille opp.

Den einaste endringa som er gjort i høve høyringsutkastet er at det er lagt inn eit samandrag av planen.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen legg føringar for kommunen sine prioriteringar i planperioden, som må innarbeidast i økonomiplan og årlege budsjettprioriteringar.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen vurderer at framlegget til ny helse- og omsorgsplan er ein brei og omfattande plan, med eit gjennomgåande fokus på ei heilskapleg og tverrsektoriell tilnærming til framtidige helse- og omsorgsutfordringar. Planen legg stor vekt på å vere i forkant i si tilnærming til utfordringane, og finne nye måtar å løyse dei på. Dette er i tråd med viktige strategiar i vedteken samfunnsdel.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 09.04.2018

Behandling

RAD- 011/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at planen kan vedtakast slik han er lagt fram.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 09.04.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe og rådgjevar Beate Kornberg orienterte om saka.

ELD- 011/18 Vedtak

Helse- og omsorgsplan 2018 - 2030 er svært ordrikt og flott, men kanskje litt vanskeleg å få med seg alt. Frå kapittel 7 og utover er det ei grei oppsummering av alle tiltak i kappittel 5 og 6. Trass alle råd og gode hjelpemiddel kjem vi alle til det punkt då vi er heilt avhengig av full pleie og omsorg. Tiltak for dette manglar i oppsummeringa. Dei pårørande og den opne omsorga er avhengig av at dei kan feste lit til at denne tenesta fungerer. Korttids plassane er ein viktig del av den opne omsorga, og desse plassane må ikkje verte oppfylt av personar som har behov for varig heildøgns plass. Eldrerådet ber om at dette vert teke med i oppsummeringa.

Vedtaket var samrøystes.